Statsforvaltaren i Vestfold og Telemark

Løyve etter forureiningslova for Seljord kommune til utslepp av kommunalt avlaupsvatn frå Seljord tettbebyggelse

Løyvet er gitt i medhald av forureiningslova § 11 jf. forureiningsforskrifta § 14-4, og endra i medhald av forureiningslova § 18. Vilkåra er satt i medhald av forureiningslova §§ 16, 22 og 40.

Dette løyvet erstattar løyve av 28.11.2005.

Løyvet er gitt på grunnlag av opplysningar i søknad av 18.8.2025 og under sakshandsaminga. Opplysningar frå Vann-nett 18.8.2025 ligg til grunn for krav fastsett i medhald av vassforskrifta.

Ved endringar som kan ha følgje for utsleppa frå avlaupsanlegget, må kommunen søke om endring av løyvet.

Informasjon frå einingsregisteret

Namn på ansvarleg eining	Seljord kommune, eining Drift
Organisasjonsnummer	964 963 738
Postadresse	Brøløsvegen 13 A, 3840 Seljord

Informasjon om verksemda frå Statsforvaltaren sin database

Tettbebyggelse	Seljord tettbebyggelse
Anleggsnamn	Seljord reinseanlegg
Plassering for reinseanlegget	Mosasida 38, 3840 Seljord, gbnr. 45/241
Koordinatar for reinseanlegget	UTM sone 32, øst: 479510, nord: 6593403
Anleggsaktivitet	Avlaupsnett og -reinsing
Kommune	Seljord kommune
Fylke	Vestfold og Telemark
NACE-kode og bransje	37.00 Oppsamling og handsaming av avlaupsvatn

Løyvenummer:	Anleggsnummer:	Arkivreferanse:
2025.0649.T	4022.0010.01	2023/12959
Løyvet første gong gitt:	Løyvet sist revidert i medhald av fl § 18 tredje ledd:	Løyvet sist endra:
28.11.2005	16.10.2025	15.9.2026
Siv Hege Grøvo fagsjef forureining		Ailin Gundersen Aarnes seniorrådgjevar

Løyvet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift

Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Forklaring
1	16.10.2025		Auka ramme. Heile løyvet revidert.
2	15.9.2026	2.7	Endra frist for å utarbeide heilskapleg handlingsplan for avlaupsområdet.
		3.1	Endra frist for å utarbeide tiltaksplanar for avlaupsnettet.

Innhald

Endringslogg **2**

Innhald **3**

1 Løyvet omfattar **5**

2 Generelle vilkår **5**

2.1 Utsleppsavgrensingar 5
2.2 Plikt til å overhalde grenseverdiar 5
2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg 6
2.4 Plikt til førebyggande vedlikehald 6
2.5 Tiltaksplikt ved auka fare for forureining 6
2.6 Plikt til internkontroll 6
2.6.1 Krav om miljørisikovurdering 6
2.7 Krav om langsiktig planlegging 7
2.8 Nedlegging, ombygging og overføring av avlaupsvatn til andre anlegg 7

3 Utslepp til vatn **8**

3.1 Krav til avlaupsnettet 8
3.1.1 Krav til oppsamling av kommunalt avlaupsvatn 8
3.1.2 Krav om fornying av avlaupsnettet 8
3.1.3 Krav til kontroll med overvatn og anna framandvatn 8
3.1.4 Krav om å redusere overlaupsutslepp 9
3.1.5 Krav til verknadsgrad på avlaupsnettet 9
3.2 Krav til reinsing av avlaupsvatn 10
3.2.1 Generelt 10
3.2.2 Reinsekrav og dokumentasjonskrav 10
3.2.3 Utsleppspunkt og overlaupspunkt ved avlaupsreinseanlegget 11
3.2.4 Påslepp 11

4 Utslepp til luft **12**

4.1 Generelt 12
4.2 Lukt frå punktkjelder 12
4.3 Utslepp av klimagassar 12

5 Støy **12**

6 Avfall og avlaupsslam **13**

6.1 Generelle krav til avfall 13
6.2 Handtering av avlaupsslam 13

7 Akutt forureining - førebyggande tiltak, varsling og beredskap **13**

7.1 Førebyggande tiltak 13
7.2 Beredskapsanalyse 14
7.3 Beredskapsplan 14
7.4 Beredskapsetablering 14
7.5 Øving av beredskap 14
7.6 Varsling av akutt forureining 14

8 Utsleppskontroll, vassovervaking og rapportering **15**

8.1 Program for utsleppskontroll 15

8.2 Vassovervaking 15
8.2.1 Utforming av overvakingsprogram 15
8.2.2 Antal år mellom kvar undersøking 16
8.2.3 Rapportering 16
8.2.4 Registrering i vannmiljø 16
9 Energi 17
9.1 Energistyringssystem 17
9.2 Utnytting av overskotsenergi 17
10 Substitusjon av kjemikaliar 17
11 Krav til rapportering 17
11.1 Årleg eigenkontrollrapportering 17
11.2 Årlege vurderingar av driftshøva 17
12 Tilsyn 18
Vedlegg 1. Utalte, sentrale omgrep nytta i løyvet 19

1 Løyvet omfattar

Løyvet gjeld all transport, handsaming og utslepp av avlaupsvatn frå Seljord tettbebyggelse[1] i Seljord kommune på inntil 8 500 BOF_5 personekvivalentar (pe) i maksveke.

Kommunen skal til ein kvar tid ha oppdatert dokumentasjon på utbreiinga (areal) og utsleppsstorleiken til tettbebyggelsen (pe utrekna BOF_5 etter NS 9426[2]). Ved utbygging av infrastruktur i kommunen eller vesentleg utviding av verksemd, som medfører auka utslepp frå tettbebyggelsen, skal de oppdatere den geografiske utbreiinga og utsleppstorleiken til tettbebyggelsen.

Det potensielle utsleppet frå tettbebyggelsen er rekna ut etter Norsk Standard NS 9426, og er lagt til grunn ved fastsetting av krava i løyvet. Kommunen plikter å sørgje for at det til ein kvar tid er samsvar mellom reinsekapasitet og storleiken på potensielt utslepp (BOF_5 pe) av avlaupsvatn i maksveke frå tettbebyggelsen.

Løyvet omfattar avlaupsanlegg i tabell 1 og utsleppspunkt slik dei er lista opp i vilkår 3.2.3.

Tabell 1
Avlaupsreinseanlegg innanfor tettbebyggelsen

Namn på avlaups-reinseanlegg	Berekna tilført belastning i maksveke i 2034 BOF_5 (pe)	Dimensjonerande kapasitet BOF_5 (pe)	Reinseprosess	Dato for vedtatt endring
Seljord reinseanlegg	8 368	8 500	Biologisk/kjemisk MBBR	16.10.2025

Avlaupsslam skal leverast til lovleg anlegg for biologisk avfallshandsaming.

2 Generelle vilkår

2.1 Utsleppsavgrensingar

Utsleppskomponentar frå verksemda som er vurdert å gi størst organisk belastning og som kan påverke eutrofisituasjonen i resipienten, er uttrykkeleg regulert i vilkår 3 til 6. Utslepp som ikkje er uttrykkeleg regulert på denne måten, er òg omfatta av løyvet dersom opplysningar om slike utslepp kom fram under sakshandsaminga eller var kjent då vedtaket ble treft.

2.2 Plikt til å overhalde grenseverdiar

De skal overhalde alle grenseverdiar innanfor dei fastsette midlingstider, og innanfor dei rammer som følgjer av forureiningsforskifta § 14-13. Variasjonar i utsleppa innanfor dei fastsette

[1] Tettbebyggelse: angitt i forureiningsforskrifta §11-3, bokstav k.
[2] Norsk Standard for å bestemme antal personekvivalentar (pe) når ein utarbeider utsleppsløyve for avlaupsvatn.

midlingstidene, skal ikkje avvike frå kva som følgjer av normal drift, i ein slik grad at dei kan føre til auka skade eller ulempe for miljøet.

2.3 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå det totale avlaupssystemet, medrekna utslepp til luft og vatn, og dessutan støy og avfall, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa blir heldt innanfor fastsette utsleppsgrenser, plikter kommunen å redusere utslepp så langt det er mogleg utan urimelege kostnadar.

Kommunen må halde seg oppdatert på ny avlaupsteknologi og bruke beste tilgjengelege teknikkar for å avgrense utslepp.

Det totale avlaupssystemet skal de drive, halde ved like og kontinuerleg fornye, slik at forventa funksjon og yting er oppheldt og stabil, trass i variasjonar i belastning og klimahøver.

2.4 Plikt til førebyggande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal kommunen sørgje for førebyggande vedlikehald av utstyr som kan ha tyding for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumentert.

2.5 Tiltaksplikt ved auka fare for forureining

Dersom det oppstår fare for auka forureining, plikter kommunen å setje i verk dei tiltaka som er naudsynte for å eliminere eller redusere den auka faren for forureining.

Kommunen skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om unormale høve som kan føre til vesentleg auka forureining eller fare for forureining. Akutt forureining skal de varsle i samsvar med vilkår 7.6.

2.6 Plikt til internkontroll

Kommunen plikter å etablere internkontroll for avlaupsverksemda i samsvar med gjeldande forskrift om dette[3]. Internkontrollen skal sikre og dokumentere at verksemda overheld krav i løyvet, forureiningslova, produktkontrollova[4] og relevante forskrifter til desse lovene. Kommunen plikter å halde internkontrollen oppdatert.

Kommunen plikter til ei kvar tid å ha oversikt over alle høva som kan føre til forureining, og å kunne gjere greie for risikohøva. Vilkår 2.6.1 skildrar konkrete krav til innhaldet i ei miljørisikovurdering, både med omsyn til akutt forureining og risiko for anna ulovleg forureining.

2.6.1 Krav om miljørisikovurdering

Kommunen skal ha ei oppdatert skriftleg, klimatilpassa miljørisikovurdering av det totale avlaupssystemet som løyvet omfattar. Det skal innan 1.9.2026 liggje føre ein skriftleg rutine for gjennomføring av miljørisikovurderingar og kriterium for oppdatering av risikovurderingane.

---

[3] Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid i verksemder (internkontrollforskrifta) av 06.12.1996, nr. 1127

[4] L11.06.1976 nr. 79 Lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloven)

Miljørisikovurderinga skal som eit minimum omfatte:

- påslepp etter kapittel 15 og 15 A
- kritiske punkt på leidningsanlegget
- kritiske punkt på avlaupsreinseanlegget
- utslepp til sårbar resipient, inkludert drikkevatn
- utslepp av farlege stoff
- område med moglege brukarkonfliktar
- korleis det totale avlaupssystemet blir påverka av klimaendringar
- vurdering av miljømåla etter vassforskrifta §§ 4 til 6

Miljørisikovurderinga skal angi risiko, og risikoreduserande tiltak i prioritert rekkjefølgje. Ut ifrå resultata og fastsette akseptable risikonivå, skal kommunen planleggje og gjennomføre naudsynte tiltak for å overhalde akseptabelt risikonivå. De skal vurdere både konsekvensreduserande og sannsynreduserande tiltak, og de skal prioritere å løyse tiltak med høgast miljøgevinst først. Kvart tiltak skal vere knytt til ei ansvarleg rolle/stilling, og de skal ha ein tidfesta plan for gjennomføring av dei konkrete tiltaka dei neste 5 åra.

Kommunen skal årleg vurdere korleis tiltaka blei følgt opp føregåande år, identifisere behovet for nye tiltak og eventuelt endre prioriteringsrekkjefølgja på grunn av endra miljørisiko. Vurderinga skal vere skriftleg, og ei kortfatta oppsummering skal vere med i den årlege eigenkontrollrapporten frå kommunen.

Miljørisikovurderinga skal vere ein viktig del av grunnlaget for den overordna avlaupsplanen (heilskapleg handlingsplan, vilkår 2.7) og beredskapsplanen (vilkår 7.3).

2.7 Krav om langsiktig planlegging

Kommunen skal utarbeide ein heilskapleg handlingsplan for avlaupsområdet (temaplan avlaup, hovudplan avlaup eller liknande) innan 1.7.2028.

I handlingsplanen skal kommunen identifisere behovet for vedlikehald, fornying og utbygging av leidningsnett, pumpestasjonar og reinseanlegg for kommunalt avlaupsvatn på kort og lang sikt. Kommunen plikter å setje av tilstrekkeleg med økonomiske ressursar og personressursar, slik at de kan identifisere behov for tiltak og gjennomføre andre krav i løyvet planmessig og over tid. Dette skal gå fram av handlingsplanen.

I handlingsplanen skal kommunen sjå tiltak, mål og prioriteringar i samanheng med anna planlegging i kommunen.

Handlingsplanen skal resultere i konkrete tiltaksplanar og gjennomføring av tiltak.

2.8 Nedlegging, ombygging og overføring av avlaupsvatn til andre anlegg

Om de planlegg å leggje ned eller stanse avlaupsreinseanlegg for ein periode, ved ombygging eller utbetring, skal kommunen gjere det som er naudsynt for å motverke fare for forureining. Aktivitetar som kan føre med seg fare for forureining må de avklare med Statsforvaltaren. Søknad om

mellombels unntak frå gjeldande reinsekrav må de sende Statsforvaltaren i god tid, jf. forureiningsforskrifta § 14-6.

Dersom de skal skifte ut utstyr i verksemda som gjer det teknisk mogleg å motverke forureiningar på ein vesentleg betre måte enn då løyvet blei gitt, skal de sende melding til Statsforvaltaren på førehand. All utskifting av utstyr skal ta utgangspunkt i den teknologi som ut ifrå ei samla vurdering av noverande og framtidig bruk av miljøet og av økonomiske høve, gir dei beste resultata, jf. forureiningsforskrifta § 2.

Ved varig nedlegging av avlaupsreinseanlegg skal de sende nedleggingsplan til Statsforvaltaren i god tid på førehand. Kommunen skal sørgje for opprydding av utstyr og avfall. Farleg avfall skal de handtere i samsvar med avfallsforskrifta kap. 11. Dei tiltak som blir gjort for å rydde opp, skal de rapportere til Statsforvaltaren innan 3 månader etter nedlegging eller stans. Rapporten skal òg innehalde dokumentasjon på disponering av kjemikalierestar og ubrukte kjemikalium, og namn på eventuell(e) kjøpar(ar). Ved nedlegging av avlaupsreinseanlegget skal kommunen sørgje for at driftsstaden blir satt i miljømessig tilfredsstillande stand igjen.

3 Utslepp til vatn

3.1 Krav til avlaupsnettet

De skal utarbeide tiltaksplanar for avlaupsnettet innan 1.7.2028, jf. vilkår 3.1.1 – 3.1.5.

3.1.1 Krav til oppsamling av kommunalt avlaupsvatn

Kommunen skal utarbeide ein tiltaksplan for trinnvis auka tilknyting av eksisterande bygningar der tilknytingsgraden er lågare enn 98 %. Tiltaksplanen for trinnvis tilknyting skal forankrast i kommunens heilskaplege handlingsplan for avlaupsområdet, jf. vilkår 2.7.

3.1.2 Krav om fornying av avlaupsnettet

Kommunen skal utarbeide ein tiltaksplan for fornying av avlaupsnettet med kummar, pumpestasjonar mv. Tiltaksplanen skal identifisere det årlege behovet for fornying av spillvassførande leidningsnett og kriteria som er lagt til grunn for fornyingsbehovet. Tiltaksplanen for fornying av avlaupsnettet skal minst omfatte dei neste 5 åra, og skal forankrast i heilskapleg handlingsplan for avlaup, jf. vilkår 2.7.

Kommunen skal ha dokumentert oversikt over leidningsnettet. De skal oppdatere oversikten kontinuerleg etter kvart som de fornyar leidningsnettet.

3.1.3 Krav til kontroll med overvatn og anna framandvatn

Kommunen skal lage ein tiltaksplan for å redusere mengda framandvatn som blir tilført det kommunale leidningsnettet. Planen skal greie ut om konkrete tiltak og skal føre til ein trinnvis separering av overvatn og sanitært avlaupsvatn på avlaupsnettet.

Tiltaksplanen for kontroll med overvatn og anna framandvatn skal forankrast i heilskapleg handlingsplan for avlaup, jf. vilkår 2.7.

I områder der det separate overvassnettet mottar forureina overvatn, skal de vurdere og dokumentere behovet for reinsing, og de skal gjennomføre naudsynte tiltak.

Utslepp av sanitært avlaupsvatn via overvassnettet er ikkje tillat.

3.1.4 Krav om å redusere overlaupsutslepp

Kommunen skal ha oversikt over alle overlaupsutslepp frå heile avlaupssystemet. Overlaupsutslepp skal ikkje føre til forsøpling.

De skal registrere driftstid for alle overlaupshendingar. Alle overlaupspunkt med utslepp av miljø-messig følgje skal i tillegg ha mengdemålar, slik at de kan rapportere volum avlaupsvatn og rekne dykk fram til mengde totalfosfor. Utsleppsmengda frå mindre overlaupshendingar kan reknast ut, dersom ei miljørisikovurdering dokumenterer at overlaupsutsleppet har mindre miljømessige følgjer. Registreringar, målingar, utrekningar og vurderingar skal inngå i årsrapporteringa, jf. vilkår 11.

Driftsoverlaupsutslepp skal reduserast, og innan 2035 vere under 3 % per år, oppgitt som mengde fosfor.

I områder der driftsoverlaupsutslepp kan påverke sårbare resipientar eller resipientar med brukarinteresser, skal fordrøyingsbasseng eller andre avbøtande tiltak vurderast. Det er ikkje tillat å etablere driftsoverlaupspunkt på spillvassførande leidning.

Tiltaksplan for å redusere overlaupsutslepp skal forankrast i heilskapleg handlingsplan for avlaup, jf. vilkår 2.7.

Kommunen skal ha eit overvakings- og beredskapssystem som sikrar at utslepp frå naudoverlaup straks blir oppdaga, og blir utbetra så raskt som mogleg, og seinast innan 24 timer. Rutinar for dette skal gå fram av internkontrollen og beredskapsplanen. Alle utslepp frå naudoverlaup skal de registrere særskilt, de skal rekne ut tid og utsleppsmengder, og de skal handtere hendinga som avvik.

Utslepp av ureinsa avlaupsvatn skal de unngå så langt det er mogleg. Ved planlagt stans i pumpestasjonar skal de vurdere miljømessige følgjer for dei aktuelle resipientane. Ved risiko for utslepp med miljømessig følgje, skal kommunen vurdere om det er behov for midlertidig løyve frå Statsforvaltaren, eller om det er tilstrekkeleg å varsle hendinga i god tid. I tilfelle der utsleppa ikkje er til å unngå, skal de setje i verk naudsynte avbøtande tiltak for å avgrense forureining frå utsleppa.

3.1.5 Krav til verknadsgrad på avlaupsnettet

Kommunen skal kontinuerleg gjennomføre planlagde tiltak for å redusere lekkasjar av ureinsa avlaupsvatn frå leidningsnettet.

Det skal liggje føre skriftleg informasjon om verknadsgraden på avlaupsnettet. Målte verdiar for overlaup eller utrekna verdiar for mindre omfattande overlaupsutslepp og lekkasjar skal liggje til grunn.

Utslepp på grunn av feil ved leidningsnettet, stans i pumpestasjonar og liknande skal ikkje redusere verknadsgraden i avlaupsnettet med meir enn 3 % over året, basert på berekna mengde fosfor.

Kommunen skal lage ein tiltaksplan for å redusere lekkasjar av ureinsa vatn frå leidningsnettet, og for å sikre kontinuerleg gjennomføring av tiltaka. Tiltaksplanen for auking av verknadsgrad skal forankrast i heilskapleg handlingsplan for avlaup, jf. vilkår 2.7.

3.2 Krav til reinsing av avlaupsvatn

3.2.1 Generelt

Alt avlaupsvatn frå tettbebyggelsen skal bli behandla slik at reinsekrava blir oppfylt, uavhengig av dimensjonerande kapasitet og teknologi på reinseanlegga.

For å kunne møte framtidige reinsekrav eller behov for auka kapasitet, skal kommunen sørgje for at areal er tilgjengeleg for ei eventuell utviding av reinseanlegget.

3.2.2 Reinsekrav og dokumentasjonskrav

De skal bygge avlaupsanlegget slik at krava i forureiningsforskrifta kap. 14 og krava i dette løyvet kan overhaldast.

Reinseanlegget skal vere bygd slik at de kan ta representative og akkrediterte prøver av det tilførte avlaupsvatnet og av det reinsa avlaupsvatnet. Den totale mengda avlaupsvatn som blir sleppt ut, inkludert overlaup, skal målast med ein maksimal usikkerheit på 10 %.

Utsleppsparameterar, reinsekrav, minimum antal prøver og midlingstid er vist i tabell 3.2.2, og skal inngå i programmet for utsleppskontroll, jf. vilkår 8.

Prøver av KOF_{Cr} og BOF_5 må minst etterkomme krav til konsentrasjon eller reinseeffekt. Dersom ein enkeltprøve overskrid reinsekravet med 100 % eller meir, skal kommunen varsle Statsforvaltaren.

Tabell 3.2.2 Utsleppsparameterar, reinsekrav og prøvetaking for Seljord reinseanlegg. Gjeld frå reinseanlegget er i ordinær drift etter ombygging.		
Utsleppsparameter	**Krav**	**Maksimal årleg mengde**
Total fosfor (tot-P)	Minst 90 % reduksjon	260 kg
Biologisk oksygenforbruk (BOF_5)	Minst 80 % reduksjon eller under 25 mg O_2/liter	26 200 kg
Kjemisk oksygenforbruk (KOF_{Cr})	Minst 80 % reduksjon eller under 125 mg O_2/liter	43 800 kg
Total nitrogen (tot-N)	Måling i innlaup og utlaup 12 gongar i året i 3 år	-

Krava til type blandprøve og frekvens for prøvetaking skal vere i tråd med krava i forureinings-forskrifta, jf. § 14-11.

3.2.3 Utsleppspunkt og overlaupspunkt ved avlaupsreinseanlegget

De skal føre reinsa avlaupsvatn ut i resipient på ein slik måte at innblandinga i vassmassane blir best mogleg, og slik at brukarinteresser ikkje blir påverka.

Plassering av utsleppspunkt og overlaupspunkt ved reinseanlegget er oppgitt i tabell 3.2.3.

Tabell 3.2.3 Utsleppspunkt for Seljord avlaupsreinseanlegg og overlaupspunkt ved avlaupsreinseanlegget.				
Utsleppspunkt	**Koordinatar X (UTM sone 32)**	**Koordinatar Y (UTM sone 32)**	**Plassering/ djup**	**Resipient**
Hovudutlaup	480000	6593400	Ca. 30 m	Ca. 300 meter frå land i Seljordsvatn deltaområde (016-11-1-L)
Naudoverlaup	479508	6593426	Ca. 20 cm	< 1 meter frå land i Bygdaråi (016-1050-R)

3.2.4 Påslepp

Kommunen skal ha oversikt over verksemder som kan utgjere ein risiko for det kommunale avlaupssystemet, jf. forureiningsforskrifta § 15A-4, og følgje opp desse gjennom krav og tiltak.

Før de gir løyve til påslepp til det kommunale avlaupsnettet i samsvar med forureiningsforskrifta § 15A-4, må de avklare at påsleppet ikkje fører til overskriding av utsleppskrav og reinsekrav satt i løyvet eller forureiningsforskrifta, eller reduserer moglegheita for å utnytte avlaupsslammet, jf. krav i gjødselvareforskrifta.

4 Utslepp til luft

4.1 Generelt

Lukt skal vere ein driftsparameter for heile avlaupssystemet for å sikre at lukt frå pumpestasjonar, overlaup, kummer og lufteinnretningar ikkje er til vesentleg sjenanse for naboar og brukarar av området.

Kommunen skal ha oversikt over luktkjelder og vurdere behovet for tiltak og eventuelt effekten av gjennomførte luktreduserande tiltak.

Før bygging av nye anlegg og komponentar som pumpestasjonar, kummer, uteareal og leidningar, må kommunen vurdere moglege luktkjelder og om nærleiken til busetnad, ferdsel eller terrenghøver kan skape luktkonfliktar.

Kommunen skal ha eit system for registrering og oppfølging av eventuelle klager og avvik på lukt. Systemet skal vere ein del av internkontrollen.

4.2 Lukt frå punktkjelder

De skal handtere punktutslepp for avgassar slik at de kan førebygge luktulemper effektivt. Berekna luktimmisjon frå slike kjelder ved omkringliggande bustadar, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustadar, utdanningsinstitusjonar og barnehagar mv. skal ikkje overstige 1 ou_E/m^3 som maksimal månadleg 99 prosent timefraktil.

De skal loggføre luktklager og lukthendingar, samt årsak og tiltak som er gjort for å redusere eller stoppe utsleppa. De skal ha ei luktrisikovurdering som de skal oppdatere dersom driftshøva blir endra.

Luktundersøking skal utarbeidast ved behov, og om Statsforvaltaren ser det som naudsynt.

4.3 Utslepp av klimagassar

De skal halde utslepp av klimagassar frå drift av det totale avlaupssystemet på eit så lågt nivå som mogleg.

5 Støy

Anleggets bidrag til utandørs støy ved omkringliggande bustadar, sjukehus, pleieinstitusjonar, fritidsbustadar, utdanningsinstitusjonar og barnehagar skal ikkje overskride grensene i tabell 5. Grensene skal målast eller utreknast med frittfeltsverdi ved den mest støyutsette fasaden.

Tabell 5 Støygrenser ved avlaupsreinseanlegget.				
Dag (kl. 07-19) LpAekv12h	**Kveld (kl.19-23) LpAekv4h**	**Natt (kl. 23-07) LpAekv8h**	**Søn-/heilag- dagar (kl. 07-23) LpAeq16h**	**Natt (kl. 23-07) LA1**
55 dB(A)	50 dB(A)	45 dB(A)	50 dB(A)	60 dB(A)

Alle støygrenser skal overhaldast innanfor alle driftsdøgn. Støygrensene gjeld all støy frå den ordinære drifta av avlaupsreinseanlegg, inkludert intern transport på området til anlegga og lossing/lasting av råvarer, slam etc. Støy frå bygge- og anleggsverksemda og frå ordinær persontransport er likevel ikkje omfatta av grensene.

6 Avfall og avlaupsslam

6.1 Generelle krav til avfall

Kommunen plikter, så langt det er mogleg, å unngå at det blir danna eigengenerert avfall. De skal avgrense innhaldet av skadelege stoff i avfallet mest mogleg.

Kommunen plikter å sørgje for at all handtering av avfall, inkludert farleg avfall, skjer i tråd med gjeldande reglar for dette, fastsett i eller i medhald av forureiningslova, medrekna avfallsforskrifta[5].

De skal levere avfall som oppstår i verksemda, inkludert avlaupssøppel, ristgods og sand frå sandfang, til lovleg avfallsmottak. Ved bruk av biofilmberarar må de sikre at plastmedium ikkje blir spreidd til miljøet.

6.2 Handtering av avlaupsslam

Kommunen skal ha oversikt over mengder råslam oppstått på reinseanlegget og vidare handtering av slammet. Informasjon om dette skal kome fram av eigenkontrollrapporten til reinseanlegget, jf. vilkår 11.1.

De skal forbehandle avlaupsslam slik at det blir eigna for transport til behandlingsanlegg. Slam skal mellomlagrast innandørs.

7 Akutt forureining - førebyggande tiltak, varsling og beredskap

7.1 Førebyggande tiltak

Dersom det som følgje av unormale driftshøve eller av andre grunnar oppstår fare for auka forureining, plikter kommunen å setje i verk dei tiltak som er naudsynte for å eliminere eller redusere den auka faren for forureining.

[5] Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (avfallsforskriften) av 01.06.2004, nr. 930

Kommunen plikter i tillegg å ha ein plan for trinnvis og systematisk gjennomføring av risikoreduserande tiltak avdekka i miljørisikovurderinga, jf. vilkår 2.6.1.

7.2 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikovurderinga skal kommunen utarbeide ein beredskapsanalyse for eventuell restrisiko som står igjen etter at førebyggande tiltak er iverksett. For kvar av hendingane som er identifisert i miljørisikovurderinga skal kommunen utarbeide og grunngi:

- organisering av beredskapen
- naudsynt beredskapsutstyr
- naudsynt mannskap
- responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg høve til risiko for akutt forureining.

7.3 Beredskapsplan

De skal dokumentere miljørisikovurdering, beredskapsanalyse, førebyggande tiltak og beredskapsetablering i ein beredskapsplan, som ein del av internkontrollen til kommunen.

I beredskapsplanen skal de som eit minimum greie ut om organiseringa av den etablerte beredskapen, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr, og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

De skal halde beredskapsplanen oppdatert og kunne vise han fram ved behov.

7.4 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal de etablere ein beredskapsorganisasjon med mannskap og naudsynt utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisiko.

7.5 Øving av beredskap

De skal utarbeide ein plan for å øve på beredskapen, og de skal gjennomføre øving minst ein gong per år. De skal utarbeide klare mål for øvinga, inkludert mål for responstid. Øvinga skal vere dokumentert i rapportar, med eventuelle tilrådingar om forbetringar. Korleis eventuelle tilrådingar om forbetring er følgt opp, skal vere dokumentert i internkontrollen.

7.6 Varsling av akutt forureining

De skal varsle akutt forureining eller fare for akutt forureining i samsvar med *forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning*. Kommunen skal så snart som mogeleg informere Statsforvaltaren om:

- akutt forureining på grunn av driftsstans som skuldast uhell eller langvarig straumbrot
- unormale høver som har eller kan få forureiningsmessige følgjer
- utsleppskonsentrasjon på meir enn det dobbelte av gjeldande krav for ein prøve der prøvetaking og analyse er utført i samsvar med forureiningsforskrifta §§ 14-11 og 14-12, jf. § 14-14.

8 Utsleppskontroll, vassovervaking og rapportering

8.1 Program for utsleppskontroll

De skal utarbeide eit program for utsleppskontroll med analysar og målingar av relevante utsleppsparameterar og driftsparameterar for avlaupsanlegget. Programmet skal vere tilpassa anleggets storleik, og skal omfatte utslepp til vann, grunn og luft. Programmet for utsleppskontroll skal vere ein del av internkontrollen til kommunen, og skal haldast oppdatert.

Programmet for utsleppskontroll skal greie ut om dei ulike trinna i målingane og grunngi valde prøvetakingspunkt og prøvetakingsmetodikk (metodar og frekvens).

De skal velje prøvetidspunkta slik at resultata blir mest mogleg representative for variasjonar i utsleppa gjennom heile året ved normale driftshøver. Programmet skal omfatte antatt maksveke for belastning for anlegget og periodar med overlaup. Minimum antal akkrediterte prøver skal vere i samsvar med krava i § 14-11, men antalet skal aukast der dette er naudsynt for å ivareta kravet om representative prøver. Dersom ein prøve må gå ut pga. unormale driftshøve, skal de kompensere for dette med ein ny prøve på eit seinare tidspunkt.

Prøvene skal analyserast i samsvar med krav i forureiningsforskrifta § 14-12. Laboratorium som er akkreditert for dei aktuelle analysane skal utføre desse. Norsk standard skal nyttast så langt det er mogleg. Dersom dette ikkje finnast, kan internasjonal standard eller annan metode nyttast, så lenge metoden gir representative tal for verksemda sine faktiske utslepp.

8.2 Vassovervaking

Kommunen skal sørgje for overvaking av moglege miljøeffektar av utslepp frå avlaupsanlegget (reinseanlegg og overlaupspunkt) til vassførekomstar som kan bli påverka, i samsvar med eit overvakingsprogram.

Overvakinga av overflatevatn skal de gjennomføre i tråd med føresegnene for tiltaksorientert overvaking, jf. vassforskrifta vedlegg V, punkt 1.3.2, og skal vere risikobasert. De skal følje prinsippa i Miljødirektoratets *Eksempelsamling for tiltaksorientert overvåking* M-997|2018, og klassifiseringa skal de gjere etter Miljødirektoratets rettleiar 02:2018 *Klassifisering av miljøtilstand i vann*, eventuelt nyare versjonar av desse.

8.2.1 Utforming av overvakingsprogram

Uavhengig vassfagleg ekspertise skal utarbeide og gjennomføre overvakingsprogrammet, og programmet skal inkludere undersøkingar i hovudutlaup og ved overlaupspunktar som kan ha miljømessige følgjer. Sjølve prøvetakinga kan gjerast av kommunen etter naudsynt opplæring. Prøvetakingspunkt, prøvetakingsfrekvens, samt korleis og i kva for media (biota, sediment etc.) undersøkinga vil bli gjennomført, skal de grunngi i programmet.

Prøvetakingspunkta skal kome fram av kart, som også skal angi utsleppspunkta.

Overvakingsprogrammet skal innehalde følgjande stasjonstypar:

- **Nærstasjonar**
  Overvakingsprogrammet skal innehalde minst éin nærstasjon innanfor influensområdet, jf. Miljødirektoratets faktaark M-1288|2019. Prøver frå nærstasjon(ane) skal dokumentere eventuell effekt av utslepp av avlaupsvatn, og prøver skal minimum takast i sediment og relevante biota.
- **Klassifiseringsstasjonar**
  For å kartlegge påverknaden sin totale utbreiing, skal det i tillegg plasserast klassifiseringsstasjonar i ein gradient frå utsleppspunktet. Desse stasjonane skal ligge utanfor influensområdet og skal dokumentere tilstanden i resipienten ut ifrå samla belastning.
- **Bakgrunnsstasjoner**
  Det skal vere minst ein bakgrunnsstasjon som er upåverka av avlaupsutsleppet. Denne skal vere referanse for nærstasjonen, slik at påverknaden frå punktutsleppet kan kvantifiserast.

8.2.2 Antal år mellom kvar undersøking

De skal gjennomføre årlege undersøkingar dei første tre åra. Dersom resultata varierer lite desse tre åra, kan antal år mellom kvar undersøking (omdrev) følgje tilrådingane i M-997|2018 punkt 3.4.3, eller nyaste versjon av denne rapporten.

Utover dette skal de oppretthalde overvakinga i samsvar med opphavleg plan, inntil endringar er skriftleg avklart med Statsforvaltaren. Statsforvaltaren kan også på eiget initiativ vurdere å endre frekvensen for overvaking, dersom utsleppet frå avlaupsanlegget eller tilstanden i vassførekomsten(e) endrar seg.

8.2.3 Rapportering

Resultata frå vassovervakinga skal de leggje fram i ein rapport som drøfter resultata og greier ut om kor sannsynleg det er at avlaupsanlegget påverkar tilstanden i vassførekomsten.

Overvakingsrapporten skal de laste opp saman med eigenkontrollrapporten i Altinn innan 1. mars kvart år. I tillegg skal ein kortare oppsummering av resultata følgje kommunens årlege vurderingar, jf. vilkår 11.2.

8.2.4 Registrering i vannmiljø

De skal registrere overvakingsdata i databasen Vannmiljø (http://vannmiljo.miljodirektoratet.no/) innan 1. mars året etter at undersøkinga er gjennomført. Importmal og informasjon finn de på http://vannmiljokoder.miljodirektoratet.no.

9 Energi

9.1 Energistyringssystem

Kommunen skal ha rutinar for regelmessig vurdering av tiltak som de kan setje i verk for å oppnå ein mest mogleg energieffektiv drift av heile avlaupsanlegget. Eit energistyringssystem skal vere etablert innan 1.9.2026 og inngå i internkontrollen.

9.2 Utnytting av overskotsenergi

Kommunen skal i størst mogleg grad utnytte overskotsenergi internt, og leggje til rette for at overskotsenergi skal kunne utnyttast eksternt, med mindre de kan dokumentere at dette ikkje er teknisk mogleg, er avgrensa av gitte konsesjonar eller medfører urimelege kostnadar.

10 Substitusjon av kjemikaliar

Kommunen plikter å etablere eit dokumentert system for substitusjon av kjemikaliar[6]. De skal utføre ein laupande vurdering av risiko for skadelege effektar på helse og miljø forårsaka av dei kjemikalium som blir nytta, og av om alternativ finst. Der betre alternativ finst, plikter kommunen å nytte disse så langt det er mogeleg utan urimeleg kostnad eller ulempe.

For kjemikalium de nyttar på ein slik måte at det kan medføre fare for forureining, skal kommunen dokumentere at det er gjennomført ei risikovurdering av bruk og utslepp på bakgrunn av kjemikalia sine eigenskapar, mengder, utsleppspunkt m.m., jf. òg vilkår 2.6 om internkontroll.

Stoff aleine, i stoffblandingar og/eller i produkt, skal ikkje bli brukt utan at dei samsvarer med krava i REACH-regelverket[7] og andre regelverk som gjeld for kjemikalium.

11 Krav til rapportering

11.1 Årleg eigenkontrollrapportering

Kommunen skal rapportere avlaupsdata innan 1. mars kvart år. Rapporteringa skal skje slik forureiningsmynda legg til rette for, per no via Altinn.

11.2 Årlege vurderingar av driftshøva

Kommunen skal årleg gje ein skriftleg vurdering av driftshøva siste kalenderår for avlaupsnett, reinseanlegg, slamhandtering og overvaking, med vekt på overordna, kvalitative vurderingar. Rapporten skal innehalde ein systematisk og kortfatta statusoppdatering for arbeidet med heilskapleg handlingsplan for avlaup og tilhøyrande tiltaksplanar. Følgjande tema skal inngå:

- oppgraderingar siste kalenderår og planlagde endringar av avlaupsnettet vurdert opp mot krav i løyvet, delmål i handlingsplanen og tiltak i tiltaksplanen

[6] Jf. lov om kontroll med produkter og forbrukertjenester (produktkontrolloven) av 11.06.1976 nr. 79 § 3a om substitusjonsplikt
[7] Forskrift om registrering, vurdering, godkjenning og begrensing av kjemikalier (REACH-forskriften) av 30.05.2008 nr. 516

- korleis avlaupsnettet fungerer, inkludert verknadsgrad, driftstid og mengder utslepp frå overlaup, samt utrekning av kor mykje som lekkjer inn og ut
- omfanget av tiltak for å redusere tilførsler av overvatn, medrekna forventa og registrert effekt av tiltaka, inkludert større separeringstiltak
- korleis reinseanlegga fungerer, utgreiing av driftsstabilitet og utviklinga dei siste åra
- særskilt kommentar til eventuelle overskridingar av utsleppsavgrensingane i vilkår 3.2.2 og planlagde korrigerande tiltak
- resultat, trendar og konklusjonar frå vassovervaking jf. vilkår 8.2.3
- status for risikovurderingar og oppfølging av desse
- korleis fristar som har gått ut i rapporteringsåret er følgt opp, inkludert relevante konklusjonar frå utgreiingane
- oppdatert luktrisikovurdering og logg over antal luktklager og lukthendingar det siste året, med årsakforklaring og utførte tiltak

Den årlege vurderinga av driftshøva skal lastas opp som vedlegg til eigenkontrollrapporten.

Data som de rapporterer i eigenkontrollrapporteringa via Altinn eller til Vannmiljø er det ikkje naudsynt å repetere i årsrapporten, ut over kva kommunen sjølv finn føremålstenleg og naturleg for å underbygge konklusjonar.

12 Tilsyn

Kommunen plikter å la representantar for Statsforvaltaren føre tilsyn med anlegget, jf. forureiningslova § 50.

Vedlegg 1. Utalte, sentrale omgrep nytta i løyvet

Omgrep	Forklaring
Tettbebyggelse	Definert i forureiningsforskrifta § 11-3 k) ut frå nærleiken mellom husklynger sett saman av minst 5 hus. Sjå fullstendig tekst i forskrifta. I tillegg skal tettbebyggelser reknast som éin tettbebyggelse dersom avlaupsvatn frå to eller fleire tettbebyggelser blir samla opp og ført til eitt felles reinseanlegg eller utsleppsstad. Definisjonen gjeld alle typar hus, både bustadhus, hytter/turistanlegg, næringsbygg, institusjonar, idrettsanlegg mv.
Tettbebyggelsens utsleppsstorleik	Den maksimale, gjennomsnittlege vekebelastninga i BOF_5 (pe) til tettbebyggelsens avlaupsnett som oppstår i maksveke. Skal reknast ut frå kunnskap om utsleppskjelder etter NS 9426. (Kjelde: Avlaupsdirektivet)
Maksveke	Maksveke er største årlege BOF_5 (pe) – døgntilførsel utrekna som gjennomsnitt av sju påfølgande dagar (Kilde: NS 9426 og EUs avlaupsdirektiv).
Kommunens utrekna (potensielle) utslepp av avlaupsvatn i maksveke	Den utrekna, maksimale, gjennomsnittlege vekebelastninga i BOF_5 (pe) til det kommunale avlaupssystemet som skal regulerast i dette løyvet, og som oppstår i den veka i året med forventa høgast belastning. Utrekningane skal vere representative for situasjonen på søknadstidspunktet og 10 år fram i tid (Kjelde: Avlaupsdirektivet)
Avlaupsslam	Avlaupsslam er det slammet som felles ut ved reinsing i eit konvensjonelt reinseanlegg for avlaupsvatn, og der ristgods er fjerna i framkant. Septikslam inngår ikkje i denne definisjonen av hygieniske grunnar. I boka om VA-teknikk av Ødegaard, er septikslam omtala som ein form for avlaupsvatn.
Råslam	Råslam er ubehandla avlaupsslam, dvs. slam som ikkje har gjennomgått nokon form for behandling. Fortjukking og avvatning av råslam er metodar for forbehandling som finn stad på reinseanlegget for å redusere vassinnhaldet i avlaupsslammet før transport. Dette er aktivitetar som det er naturleg å sjå på som ein del av drifta av eit avlaupsreinseanlegg, og ikkje som avfallsbehandling. (Kjelde: Miljødirektoratet)
Septikslam	Septikslam er ein samlenemning for det som oppstår ved tømming av slamavskiljarar, septiktankar og tette oppsamlingstankar o.l. og som kan ha eit vassinnhold på 95-99 %. (Kjelde: Bjarne Paulsrud, Vann nr. 4/1982). Septikslam inngår ikkje i definisjonen av avlaupsslam. I boka om VA-teknikk av Ødegaard, er septikslam definert som ein form for avlaupsvatn.
Overlaup	Arrangement for avleiing eller måling av væskemengder. Utforming avheng av funksjon og væskemengde. Overlaup kan også brukast om den vassmengda som blir avleia/målt. (Kjelde: Vannordboken). Der omgrepet 'overlaup' er brukt i dette løyvet, meinast båe driftsoverlaup og naudoverlaup. Overlaupets funksjon er at når den tilførte vassmengda overstig kapasiteten nedstraums, blir ein del av vassmengda ført til ein avlastningsleidning

	(overlaupsleidning) som normalt føre overlaupsvatnet til nærmaste resipient. (Kjelde NV-rapport 222_2016)
Driftsoverlaup (også kalla regnvassoverlaup)	Overlaup som er etablert for å hindre overbelastning av avlaupssystemet i periodar med så store nedbørsmengder at avlaupssystemets dimensjonerande kapasitet blir overskride. (Kjelde: Boka om VA-teknikk av Ødegaard, Norsk Vann, 2012.) Mest relevant for fellesnett.
Naudoverlaup	Overlaup på grunn av upårekna hendingar i alle delar av avlaupssystemet og som blir brukt av sikkerheitsmessige grunner. (Kjelde: Boka om VA-teknikk av Ødegaard.)
Framandvatn	Framandvatn er det vassvolumet som blir tilført avlaupssystemet i tillegg til naudsynte spillvatn/sanitært avlaupsvatn og evt. industrielt avlaupsvatn tillaten gjennom påslepp. Det er vanlegvis regnvatn, smeltevatn, grunnvatn eller drikkevatn. Framandvatn blir og nemnt som infiltrasjonsvatn og vatn som lekkjer inn ifølgje boka om VA-teknikk av Ødegaard.
Verknadsgraden til avlaupsnettet	Kor stor del av forureiningsmengda som kjem fram til reinseanlegget.
Blandprøver	Er ein prøve satt saman av fleire mindre vassmengde-proporsjonale delprøver tatt gjennom prøvetakingsperioden. Prøvetakingsperioden er anten eitt døgn eller ei veke.
Vekeblandprøver	Er blandprøver tatt over minst fem døgn innanfor ein periode på maks sju påfølgande døgn.
Prøvetaking	Prøvetaking er uttak av ein representativ prøve og all behandling av prøva til den er klar for analyse. Dette inkluderer transport og oppbevaring av prøva inntil den er overlevert til laboratoriet. (Kilde: Kommentarane til forureiningsforskrifta kap. 14)
Akkreditering	Akkreditering er ei offisiell godkjenning av ein organisasjons kompetanse og evne til å utføre angitte oppgåver i samsvar med gitte krav. I Noreg er det Norsk Akkreditering som gir akkreditering. (Kjelde: Kommentarane til forureiningsforskrifta kap. 14)
Kjemikaliar	Kjemikaliar er kjemiske stoff og stoffblandingar som blir brukt, irekna fellings-kjemikaliar og hjelpekoagulantar, vaskemiddel, hydraulikkvæsker, brannkjempingsmiddel m.m.
Substitusjon/ substitusjonsplikt	Substitusjon tyder erstatning. Substitusjonsplikten inneber at den enkelte verksemda må vurdere sin kjemikaliebruk og gå over til mindre skadelege alternativ der det kan skje utan urimeleg kostnad eller ulempe. Alle verksemder som yrkesmessig bruker produkt som inneheld helse- og miljøskadelege kjemikaliar, skal vurdere substitusjon. (Kjelde: Produktkontrollova)